



Laurdag morgon sat denne havørna i tuntreet tett ved stoveglaset til Marit og Øystein Enæs.

Laurdag morgon sat ei havørn i naboen sitt tuntre tett ved stova til Marit og Øystein Enæs. Ørna sat der i 40 minuttar. Ei skjor prøvde å egla ørna, noko som ikkje er uvanleg. Ei årsak til at ørna kom så tett på hus og folk, er at det ofte om vinteren er vanskeleg å finna fisk. Ein annan grunn kan vera at det ligg åtsel i nærleiken, til dømes ein daud hjort. Det er ørnefotografen Sigve Solheim som fortel dette til Uskedalen.no.

Øystein Enæs på Eik fortel at han sat med morgonkaffien og observerte ørna i eit eiketre nokre hundre meter borte i det som ein gong var eit sandtak. Etter ei stund flytta havørna seg og sette seg i naboen, Kirsten og Per Bruvold, sitt tuntre. Der sat ho frå kl. 09.20 til kl. 10. Ei skjor prøvde å nippa i fjørene. Øystein tek fram kamera og fotograferer og filmar.

Sigve Solheim ser kjapt at dette er ein vaksen fugl, 4 - 6 år gamal. Det ser han på den kvite stjerten. Då er ho kjønnsmoden. Ørna er tidleg ute med hekking. Ho har alt pynta og gjort klar reiret ho skal bruka i år. Kvart par kan ha 2 - 3 reir som dei byter på å bruka. Det er egglegging kring 20. til 25. mars, 2 - 3 egg som vert ruga i 10 - 11 veker før fyrste flygeturen.

80 % av maten til havørna er fisk. Resten er åtsel som daude dyr og fugl. Daud hjort er ofte mat for både havørn og kongeørn.

Både skjor, kråke og måse kan kunsten med å egla ørn. På foringsplassane kan ravn og måse bita ørna i stjerten i von om at ho skal flytta seg slik at det vert mat til alle.

Sigve Solheim avsluttar med å sei: Havørn - ein fantastisk fugl.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs



Skjora i venstre biletkant vert lita i forhold til den store havørna med eit vengjespenn på opptil 2,4 meter.